



INNSKOTT: Næringslivet vil at CO₂-avgifta frå Nordsjøen skal finansiere utsleppskutt på Hydro Karmøy.

FOTO: TOM HENNING BRATLIE

Vil ha klimafond

NYE GREP: NHO, oljeselskapa, SV og Senterpartiet vil at oljenæringa skal betale CO₂-avgift til eit fond som skal støtte utsleppskutt. Finansdepartementet set seg på bakbeina.

AVGIFT

Av Johan Brox

For nokre dagar sidan sendte arbeidsgjevarforeininga NHO, Oljeindustriens landsforeining (OLF) og Norsk Industri eit brev til Stortinget med ein dristig plan: Å erstatte CO₂-avgifta oljeselskapa betalar med at dei heller gjer innskott i eit klimafond, som skal subsidiere utsleppskutt i andre verksemdar. SV støttar heilhjarta opp om planen:

– Utan eit klimafond vert industrien skvisa av stadig dyrare avgifter og hardare krav til kutt. Får ikkje staten ein god dialog med næringa

FAKTA

- Klimafond:**
- Organisasjonane som representerer oljenæringa industrien og resten av næringslivet ber regjeringa stifte eit klimafond.
 - Tanken er at oljeselskapa skal sleppe å betale CO₂-avgift og heller plasserer pengane inn i eit fond. Dette fondet skal så bruke pengane til å subsidiere kutt i CO₂-utslepp.
 - I dag går CO₂-avgifta rett inn i statsbudsjettet, som andre skattar, og kan brukast på kva som helst.
 - Det var Frp som først kravde «øyremerking av miljøavgifter».

snart, risikerer vi at eigarane hentar ut pengar så lenge det går og så legg ned, seier Alf Holmelid (SV) i Næringskomiteen.

Trygve Østmo, direktør for energi og miljø i bransjeorganisasjonen Norsk Industri, syner til at regjeringa har plikta seg til å ta to av tredjedelar av utsleppskutta heime i Noreg.

– Skal regjeringa greie det, treng dei dette fondet. Alternativet er at vi når klimamåla gjennom nedlegging, seier han til Klassekampen.

Svovel og NOx

Initiativtakarane ser for seg at fondet kan støtte elektrifisering av sokkelen og effektiv-

sering i prosessindustrien og i transportsektoren.

Klimafondet industrien lengtar etter er ikkje den første i sitt slag.

Det finst til dømes ikkje svovelavgift i Noreg. I staden betalar verksemdene som slepp ut svovel inn i eit fond, som i si tur hjelp verksemdene å kutte svovelutslippa.

NHO administrerer i dag ei liknande ordning for NO_x-utslipp – Næringslivets NO_x-fond. Verksemdene som betalar inn til fondet er fritakne frå NO_x-avgift.

Næringsminister Trond Giske har tidlegare omtala NO_x-fondet som «genialt» og sagt at det kan vere aktuelt å innføre same ordning for CO₂-utslepp. Også Senterpartiet fronta klimafondtanken i lokalvalet i haust.

FIN er negative

SV, oljenæringa og industrien er likevel ikkje samde om alle detaljane.

NHO, OLF og Norsk Industri ser for seg at ordninga skal vere frivillig. For å oppmuntre oljeselskapa til å delta, skal fondskontingenten vere noko lågare enn CO₂-avgifta er i dag.

SVs Holmelid er usamd: – Vi i SV meiner oljenæringa heller kunne betalt meir enn ho gjer i dag.

Tidlegare i år lanserte SV og miljøstiftinga Zero sitt eige fondsprosjekt. Då ville dei meir enn doble CO₂-prisen for oljeselskapa, frå 320 kroner per tonn CO₂ til 750 kroner tonnet.

Statssekretær i Finansdepartementet Ketil Lund (Ap) sabla ned planen om øyremer-



Trygve Østmo

king av miljøavgifter i Stavanger Aftenblad: «Det å øyremerke inntekter er dårleg styringspolitikk. Vi må kunne prioritere disse inntektene fritt til det som er det beste for samfunnet enten det er helse, sam-

ferdsel eller klima», sa Lund.

Finansdepartementet har lang historie for å vere negative til fond. Departementet var i si tid mot å opprette Folkestrygdfondet og oljefondet. I Finansdepartementets historieverk «Over evne» konkluderer historikarane Einar Lie og Christian Vennesland at straks statlege pengar går innom eit fond mister Finansdepartementet styringa over dei – då får dei ikkje lenger oversikt over pengebruken gjennom statsbudsjettet.

Norsk Industri ser ikkje for seg at EU vil krangle om at fondet er ulovleg statsstøtte:

– Når ein gjev ut dei same pengane ein hentar inn, ser vi ikkje for oss at EU er i mot, seier direktør Østmo.